

Per Spødervold

Spødervold bru

Bygd i 1918 og
sterkt øydelagt under
storflaumen 6. desember 2015.


Per Spødervold har samla opplysninger om bruha som stod stødig i nesten 100 år, men som vart øydelagt under storflaumen i 2015 for all tid.



*Spødervold bru slik den blei bygd i 1918, sett fra Spødervold landside.
Mot denne landsida er brukara og brubane oppbygd av hoggen stein,
og mot andre sida er både brukar og brubane bygd av trematerialer.*

*Slik stod bruha fram til 1962 da brudelen av tre
vart erstatta av betongbjelkar og støypt dekke oppå.
Men så kom flaumen i 2015 og øydela mesteparten av steinarbeidet.*

NOKRE BILETE FRÅ DEN GAMLE BRUA



HISTORIEN OM BRUA

1. mars 1917 sendte Per Spødervold (1884-1949) (farfar) ein søknad til Bjerkeim heradstyre om tilskot på 700 kr til bygging av bru. Han meinte at sidan kommunen hadde bygd alle bruer mellom Tengesdal og Veen, så hadde han ei god sak. Brua ville gje kort veg fram til bygdevegen, og trengtest både for ferdsel til og frå garden, og som skuleveg. Utan bru måtte barna gå ein lang strekning på lyngmark til Hegelstad før dei kom på bygdevegen, og anna transport gjekk på dårleg privat veg til Vikesdal og over bruа der.

Per hadde sjølv kalkulert bruа til 2700 kr. Den skulle byggjast av stein i kvar ende, og av tre dei 15 metrane over det djupaste strekket. Og den skulle vera 7 fot brei. Heradstyre kalkulerte

prisen til 3000 kr og løvvde den 21. mai same året, 1/5 del av prisen, 600 kr.

Brua vart bygd i 1918. Steinarbeidet, kiling av stein og muring, vart gjort av Elling (1883-1971) og Tønnes K. Skjæveland (1882-1971). I 1940 vart brua utbetra og kommunen overtok vedlikehaldet av brua den 21. desember same året.

I 1962 måtte noko gjerast med bruhaugen, trematerialen var gammal og bilane vart større. Det blei då (den 10. desember 1962) støypt dekke over den delen av bruhaugen som var av stein. Og det er to av bru-kara (pilarane mura av kilt stein) under det støypte dekket i den austre enden som nå er skada.

Det er veldig synd at desse fine og uerstattelege bru-kara som har stått slik i 97 år, vart øydelagde. Over tre-delen vart det lagd tri 14 m lange betongbjelkar og støypt dekk oppå. Arbeidet vart gjort av firma Norsk Spennbetong frå Sandnes og det heile kom på 25000 kr.

Det provisoriske nettet som vart oppsett på kantane då bruhaugen var ferdig, stod på grunn av ei usemje i 30-35 år før kommunen etterlyste om å gjera bruhaugen ferdig, sette opp det gjerde som står i dag.



Storflaumen 6. desember 2015.

Vatnet gjekk då heilt opp til brubanen, og gjorde stor skade på brukara.

Brua vart stengt i mange veker, til brukara vart vølt.



Slik såg det ute etter flaumen.

Aaland Gård, april 2016
Paul Tengesdal